

Beinhelleren pumpe – Overføringer til Evanger kraftverk

- » Informasjon om planlagt utbygging
- » Samandrag av konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing



Morgondagen er her | bkk.no



Innhald

Denne brosjyren er eit samandrag av innhaldet i konsesjonssøknaden.

Sjølve konsesjonssøknaden kan du lesa på nettsidene til BKK:

bkk.no/om_oss/anlegg-utbygging/Vannkraftutbygging/Beinhelleren

Brosjyren vert sendt til husstandane i det aktuelle området, Vaksdal kommune, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og fleire interesseorganisasjonar.

Bakgrunn for konsesjonssøknaden	side 3
Utbyggingsplanane	side 4
Samla plan for vassdrag	side 8
Løyve	side 8
Kart over området	side 10
Konsekvensar av dei omsøkte alternativa	side 12
Aktuelle avbøtande tiltak	side 16
Saksgang	side 21
BKK	side 23

BAKGRUNN FOR KONSESJONSSØKNADEN

Beinhelleren pumpe vil gje meir regulert kraft i Evanger kraftverk, som er det tiande største kraftverket i Noreg og det største til BKK. Overføringa av vatn til Evanger vil bidra til å oppfylle nasjonale mål om meir fornybar energi og effektiv ressursbruk i allereie regulerte vassdrag.

Evanger kraftverk har ein middelproduksjon på 1,3 TWh, litt over ein prosent av den totale kraftproduksjon i Noreg. Opprusting og utviding av kraftverk er ei god løysing for å auke energiproduksjonen på ein skånsam måte.

BKK søker om å overføra vatn frå to nedbørfelt i øvre Eksingedalen til Evanger kraftverk. Ved å pumpa vatnet 100 meter opp frå Beinhellervatnet kan vatnet magasinerast i Askjellsdalsvatnet og nyttast i Evanger kraftverk med 770 meter fall. To bekkeinntak kan først direkte inn på driftstunnelen til Evanger kraftverk.

Det omsøkte prosjektet kan gje 38 GWh regulert vasskraft årleg. Dette er nok straum til å dekkja forbruket i 1900 einestader. Den auka energimengda vil kunne lagrast i eksisterande magasin, slik at vassressursen vert brukt når etterspurnaden etter straum er størst.

Fleire alternative utbyggingsløysingar har vore vurdert og utgreidd med omsyn til konsekvensane for naturmiljø, brukarinteresser og samfunnsinteresser, i tillegg til tekniske og økonomiske forhold.

Tidleg i planleggingsfasen vurderte BKK fem utbyggingsalternativ. Alternativ A, B og C er no lagt bort, då desse hadde vesentleg større negative konsekvensar enn alternativ D og E, og i tillegg hadde høg utbyggingskostnad. BKK søker dermed konsesjon for følgjande to utbyggingsalternativ i prioritert rekkefølge:

- E. Beinhelleren pumpe med overføring frå Kvanndalselvi til Beinhellervatnet. Overføring frå bekk i Urdadalen til Kvanndalsvatnet, der vatnet i dag vert tatt inn på driftstunnelen til Evanger kraftverk.
- D. Overføring frå bekk i Urdadalen til Kvanndalsvatnet, der vatnet i dag vert tatt inn på driftstunnelen til Evanger kraftverk. Overføring frå bekk ved Heimste Kvanndalsvatnet direkte inn på driftstunnelen til Evanger kraftverk.

UTBYGGINGSPLANANE

Prosjektet vert omsøkt i to alternativ. BKK søker om å byggja ut alternativ E. Dersom det ikkje vert gjeve konsesjon til alternativ E, vert det søkt om alternativ utbyggingsløyse, alternativ D.

ALTERNATIV E - HOVUDALTERNATIVET

Vatnet frå Beinhellervatnet vert pumpa inn på driftstunnelen til Evanger kraftverk. Beinhellervatnet er planlagt regulert med 1,5 meter, og dagens terskel vil verta erstatta av ein dam som er om lag 25 meter lang og 3 meter høg.


Pumpestasjonen vil verta om lag 28 meter lang, 18 meter brei og 9 meter høg, sett frå sørsida av Beinhellervatnet ved lågaste regulerte vasstand. Det vil verta lagt vekt på å tilpassa bygget til omgjevnadane.

Det er planlagt ein 150 meter lang ny anleggsveg frå den eksisterande brakkeplassen ved Beinhellervatnet til pumpestasjonen. I tillegg må ein kortare strekning av vegen ved terskelen i utløpet av vatnet leggjast noko om.

I tillegg til det lokale nedbørsfeltet til Beinhellera, vil det verta overført vatn frå Kvanndalselvi sørvest for Beinhellera. I Kvanndalselvi vert det bygd eit bekkeinntak som lei vatnet til Beinhellervatnet. Tunnelen vert om lag 770 meter lang, og frå tunnelmunningen vert det ein kanal ned til Beinhellervatnet. Massane frå tunnelen utgjer om lag 20 000 kubikkmeter, og er planlagt plassert i eksisterande deponi ved Beinhellera.

Det er planlagt eit bekkeinntak i Urdadalen som fører vatn til Kvanndalsvatnet, der det i dag er eit inntak direkte til Evanger driftstunnel. Utslaget frå tunnelen på Kvanndalssida kjem litt sør for vatnet, og det vert ein kanal frå tunnelmunningen ned til Kvanndalsvatnet. Massane frå tunnelen vil verta brukt til kanalbygging. I tillegg vil overskotsmassar, om lag 10 000 kubikkmeter, verta lagt langsmed kanalen og ved tunnelutslaget. Dette bekkeinntaket er likt i alternativ E og D. Anleggsarbeidet i Urdadalen og ved Kvanndalsvatnet vil verta drive veglaust.

Beinhellerdalen sett frå Gongefjellet.





Utsikt frå tunnelmunning frå Urdadalen, der vatnet vert leia i kanal til Kvanndalsvatnet



Beinhelleren. Dagens område for brakkerigg.

Straumforsyning til Beinhelleren pumpe er planlagt tilkopla ved Nygard kraftverk i Modalen med ei 22 kilovolt linje. Linja vil gå frå Nygard opp Austredalen og følgja dagens 300 kilovolt linje til Askjellsdalsvatnet. Den nye 22 kilovolt linja vil vera ei felles linje for Beinhelleren pumpe og Askjelldalen pumpekraftverk, som BKK også har søkt om. Frå Askjellsdalsvatnet deler linja seg slik at ei grein går til Askjelldalen pumpekraftverk og ei grein til Beinhelleren pumpe. Frå Askjellsdalsvatnet til pumpestasjonen er det om lag fem kilometer.

Byggjetida for dette alternativet er om lag 2,5 år.

ALTERNATIV D

Det vert ingen pumpestasjon ved Beinhelleren.

Det er planlagt eit bekkeinntak i Urdadalen som fører vatn til Kvanndalsvatnet, der det i dag er eit inntak direkte til Evanger driftstunnel. Utslaget frå tunnelen på Kvanndalssida kjem litt sør for vatnet og det vert ein kanal frå tunnelmunningen ned til Kvanndalsvatnet. Massane frå tunnelen vil verta brukt til kanalbygging. I tillegg vil overskotsmassar, om lag 10 000 kubikkmeter, verta lagt langsmed kanalen og ved tunnelutslaget. Dette bekkeinntaket er likt i alternativ E og D.

I ein bekk nord for Heimste Kvanndalsvatnet er det planlagt eit bekkeinntak og ei fullprofilbora sjakt direkte til Evanger driftstunnel. Sjakta vil ha diameter 0,8 meter og vert om lag 150 meter lang.

Begge anleggsstadane skal drivast med helikoptertransport, og det er ikkje behov for nye kraftleidningar.

Byggjetida for dette alternativet er 1 år.

NØKKELTAL FOR PROSJEKTET

Alternativ	E	D
Årsproduksjon i middel (GWh/år)	38,3	6,9
Utbyggingskostnad (mill. kr)*	177	24
Utbyggingspris (kr/kWh)*	4,6	3,5
Byggjetid (år)	2,5	1

* kostnader pr. november 2012

SAMLA PLAN FOR VASSDRAG OG VERNEPLANAR

Alle nye, store prosjekt for utbygging av vasskraft må handsamast i Samla plan for vassdrag. Berre utbyggingsprosjekt som er plassert i kategori I i Samla plan, eller som er fritekne frå handsaming, kan konsesjonshandsamast av styresmaktene.

I 1992 vart prosjektet med to alternativ handsama i Samla plan. Alternativa vart plassert i gruppe 1 og 2 i kategori I. Då prosjektet vart tatt opp igjen i 1999/2000 avveik planane noko frå dei opphavlege alternativa, og det vart søkt om forenkla handsaming i Samla plan. Direktoratet for naturforvaltning kravde ikkje vidare handsaming av planane i Samla plan, og prosjektet vert dermed ståande i kategori I.

Vossovassdraget ovanfor Vangsvatnet; Strondaelva, Raundalselva og Bordalselva, vart handsama i Verneplan III. Stortinget vedtok vern mot kraftutbygging av desse vassdraga i 1986.


LØYVE


Tiltaket må ha offentlege løyve etter følgjande lovverk før arbeidet kan ta til:

- » Konsesjon etter vassressurslova
- » Konsesjon etter vassdragsreguleringslova
- » Konsesjon etter energilova
- » Utsleppsløyve etter forureiningslova
- » Løyve etter oreigningslova



I tillegg vil ei utbygging krevja fleire avklaringar, mellom anna i høve til naturmangfaldslova, plan- og bygningslova og kulturminnelova.

Norddalselvi like nedstrøms Beinhellervatnet.





- | | | |
|---------------------------|-------------------|--|
| ■ Eksisterende kraftverk | — Ny dam | — Anleggsveg |
| ● Eksisterende inntak | ● Nytt inntak | — Nedbørfelt til Eksingedalsvassdraget |
| Eksisterende tunnel | ■ Ny pumpestasjon | — Nedbørfelt til utbygginga |
| — Eksisterende kanal | — Ny kanal | — Nedbørfelt til Evanger kraftverk |
| — Ny 22 kV linje | Ny tunnel | |



KONSEKVENSA AV DEI OMSØKTE ALTERNATIVA

Prosjektet med alle alternativ er konsekvensutgreidd for å få oversikt over moglege følgjer for natur, miljø og samfunn. Konsekvensutgreiinga har kome med framlegg til avbøtande tiltak som er aktuelle å gjennomføra for å redusera ulempene. For alternativ E er ingen utgreiingstema vurdert til middels eller stor negativ konsekvens.

Bekk i Urdadalen like nedstraums planlagt inntak.

Denne oversikta gjev eit overblikk over dei mest vesentlege konsekvensane av utbygginga. For ein full omtale av konsekvensar for alle fagtema, viser vi til konsesjonssøknaden og konsekvensutgreiingsrapportane.

Konsekvensutgreiingane er utført av Multiconsult, med fleire underleverandørar. BKK har utgreidd verknader for overflatehydrologi og skred.

HYDROLOGISKE FORHOLD

Vassføringa nedanfor Beinhellervatnet og inntaka i Urdadalen, Kvanndalselvi og Øvre Kvanndalen vert redusert som følgje av utbygginga. Det er planlagt minstevassføring heile året. For Vossovassdraget vil endringane i vassføring vera heilt marginale, og konsekvensen er vurdert til ubetydeleg.

Vasstemperaturen nedanfor inntaka kan verta litt høgare om sommaren. Mindre vassføring i dei råka sideelvane i frostperioden om hausten vil resultera i mindre fare for isgang. For Ekso er det ikkje venta særleg endring i islegging eller isgang.

I situasjonar der Askjellsdalsvatnet ikkje er fullt, vil dei mindre og årlege flaumane i Eksingedalsvassdraget verta redusert tilsvarande overføringskapasiteten, men dei ekstreme flaumane vil truleg verta som før.

For øvre og nedre Beinhellervatnet vil det verta etablert ein felles vasspegel som kan regulerast opp ein meter og ned ein halv meter. Raske vasstandsendingar kan vinterstid medføra risiko for usikker is.

LANDSKAP

For alternativ E vil dei negative konsekvensane i hovudsak ha samanheng med redusert vassføring i råka elvestrekningar, inngrep i samband med bekkeinntaka og reguleringa av Beinhellervatnet.

Alternativ D vil i vesentleg mindre grad påverka landskapet, og dei negative konsekvensane vil vera knytt til inngrep i samband med bekkeinntaka.

» For Vossovassdraget vil endringane i vassføring vera heilt marginale, og konsekvensen er vurdert til ubetydeleg.

KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

Alternativ E medfører utbygging i Beinhellerområdet, og vil ha verknad på automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid. Konsekvensane er avgrensa til visuell innverknad på kulturmiljøet.

NATURMILJØ OG NATURMANGFALD

Villrein har beite og trekkveggar i området, og det er eit kalvingsområde nord for Kvanndalen, aust for Beinhelleren. Alternativ E rører ikkje kalvingsområdet og har difor lågare konsekvensgrad enn alternativ D. Ved Beinhelleren er det størst konflikt i høve til anleggsarbeida der aktivitet og støy vil vera negativt for villreinen. Etter avslutta anleggsverksemd vil dyra truleg gjenoppta bruken av områda.

Fråføring av vatn kan lokalt ha svakt negativ verknad på fuktkevjangende artar i vassdraga. Dette gjeld i hovudsak fossesprøytonene mellom Fosse og Lavik.

FISK- OG FERSKVASSBIOLOGI

I dei øvste områda i Eksingedalsvassdraget vil planlagt slepp av minstevassføring i stor grad sikra gyte- og oppvekstområde for ungfisk.

På anadrom strekning i Ekso vert vassføringa svært lite endra. Myster kraftverk vil, som i dag, bli køyrt med variasjonar over døgnet, der det står nokre timar for å samla opp vatn, for så å produsera. I tørre vintrar oppstår det situasjonar der Myster kraftverk i lengre periodar ikkje kan produsera, fordi tilsiget er mindre enn kravet til minstevassføring, og alt tilsiget vert slept forbi inntaket. Etter ei utbygging av Beinhelleren pumpe vil endringane i desse periodane vera svært små, og liggja innanfor dei normale variasjonane frå eit år til eit anna.

For Vossovassdraget nedstraums Evanger kraftverk er konsekvensane vurdert til ubetydelege.

» I dei øvste områda i Eksingedalsvassdraget vil planlagt slepp av minstevassføring i stor grad sikra gyte- og oppvekstområde for ungfisk.

FORUREINING

Støyande aktivitet vil i første rekkje merkast av dei som brukar områda til friluftsliv.

Anleggsarbeidet ved bekkeinntak, tunnelpåhogg og massedeponi kan medføra at det kjem noko stein, mold og til ein viss grad sprengsteinstøv i elva. Dersom dette skjer i periodar med høg vassføring, vil det merkast lite. I periodar med låg vassføring kan det verta ei synleg tilslamming av elvane/bekkane.

NATURESSURSAR

Redusert vassføring kan ha negative konsekvensar for dei som nyttar desse elvestrekningane som vasskjelde. Det er venta at den føreslegne minstevassføringa vil dekkja landbruket sitt behov for vatn.

Områda er brukt til beiting, og i anleggsperioden kan dyra verta forstyrta. Det er venta at dyra då trekkjer vekk frå anleggsområdet.

SAMFUNN

Ei utbygging vil ha positiv innverknad på næringsliv og sysselsetting på grunn av auka etterspurnad etter varer og tenester, hovudsakleg i anleggsperioden. Stat, fylke og kommune vil få auka skatteinngang i driftsfasen av ei rekke skattar og avgifter.

FRILUFTSLIV, JAKT, FISKE OG REISELIV

Ei utbygging kan påverka bruken av området til friluftsliv, men det er venta at bruken ikkje vil verta vesentleg endra, då eksisterande inngrep allereie pregar området i vesentleg grad, spesielt ved Beinhelleren. Ei utbygging av alternativ E vil medføra ein marginal reduksjon i arealet av inngrepsfrie naturområde (INON) på 0,11 kvadratkilometer.

Det avgrensa fritidsfisket etter aure i sideelvane til Ekso er venta å verta vesentleg påverka av utbygginga. Fisket elles i området vil ikkje verta råka. Jakt vert mellombels forstyrta i anleggsperioden.

Reiselivet i Eksingedalen er ikkje venta å verta råka, verken i anleggsfasen eller driftsfasen.



Norddalselva sett frå brua ved Ekso.

AKTUELLE AVBØTANDE TILTAK

Følgjande avbøtande tiltak er framlagt i søknaden. Tiltaka har som formål å redusera ulempane, og er utarbeida i samarbeid med konsekvensutgreiarane.

ANLEGGSSFASEN

Det vert skilt mellom provisoriske tiltak i anleggsfasen og meir permanente tiltak i driftsfasen. Terrengtilpassing av konstruksjonar er plassert i anleggsfasen, sidan det er då ein gjennomfører sjølve tiltaket. Samtidig er det klart at det avbøter konsekvensar i driftsfasen.

Terrengtilpassing av konstruksjonar

BKK planlegg ein god arkitektonisk tilpassing av Beinhelleren pumpestasjon, overløpsdammen i utløpet av Beinhellervatnet og dei aktuelle bekkeinntaka. Dette kan gjerast med til dømes mørk betong på inntakskonstruksjonar, torvtak på stasjonen og liknande. Vegar og massedeponi vil i størst mogeleg grad verte tilpassa terreng. Massedeponiet vil så langt det er mogeleg verte revegetert med stadeigen vegetasjon. Dette vert gjort for at konstruksjonane skal gli mest mogleg inn i omgjevnadane, og dermed dempe den visuelle påverknaden. Dette tiltaket gjeld både for alternativ E og D.

Periode for anleggsarbeid

I alternativ D er inntaket i bekk ved Heimste Kvanndalsvatnet nær kalvingsområdet til villreinen. For å unngå å uroa villreinen i dette området vil anleggsarbeidet her leggjast utanom den kritiske perioden på seinvinter/forsommar.

Sedimenteringsbasseng og siltgardiner

Tiltaket vert iverksett for å handtera avrenning frå anleggsområde, tunneldrift og massedeponi. Dette tiltaket gjeld både for alternativ E og D.

Støyreduserande tiltak

Det vil verta vurdert tiltak for å dempa eventuell støy frå ventilasjon for tunneldrift i anleggsfasen. Dette tiltaket gjeld både for alternativ E og D.

DRIFTSFASEN

Minstevassføring

Det er planlagt å sleppa minstevassføring i alle dei omfatta elvene. I Norddalselva er det planlagt å tappa 54 liter per sekund (l/s) heile året. I Kvanndalselvi er det planlagt å tappa 40 l/s i perioden 1. juni til 30. september, og 20 l/s resten av året. I bekken i Urdadalen er det planlagt å tappa 13 l/s i perioden 1. juni til 30. september og 6 l/s resten av året. Dersom tilsiget til inntaka er lågare enn kravet til minstevassføring, skal alt tilsig sleppast forbi inntaka. Tiltaket er føreslått for å dempe konsekvensar for ei rekkje tema, mellom anna fisk og ferskvassbiologi, ferskvassressursar og landskap.

Celletersklar

For alternativ E vil det verta vurdert å byggja celletersklar på dei flate partia øvst og nedst i Norddalselvi, for å sikra vassdekning i særleg tørre periodar sommarstid. Ein tiltaksplan vil verta utarbeidd i samråd med eksterne konsulentar i etterkant av eit positivt konsesjonsvedtak. Dette tiltaket gjeld for alternativ E.

Vassforsyning til gardar, enkelthus og hytter

I dei tilfella tiltaket forringar vasskjelder for gardar, hus eller hytter, vil BKK etablere alternativ vassforsyning med tilsvarende kvalitet og mengde som før utbygginga. Kva tiltak som må gjennomførast på dei ulike stadane, må vurderast spesifikt. Dette tiltaket gjeld både for alternativ E og D.

Krypsiv/flotgras

BKK har gjennomført eit omfattande program for å fjerna flotgras i Ekso. Dette arbeidet skal vera ferdig i 2013. Etter det vil ein halda fram med å overvaka elva og eventuelt følgja opp med nye tiltak som hindrar gjengroing.

Støyreduserande tiltak

Det vil verta vurdert å etablere støydemping av pumpestasjonen, for å avbøta eventuelle negative verknadar støyen frå pumpestasjonen kan medføre. Dette tiltaket gjeld for alternativ E.





Beinhelleren i dag.

Rugekasser

Det vil verta vurdert å setja opp rugekasser for fossefall for å erstatta eventuelle rugestader som vert forringa. Dette tiltaket gjeld både for alternativ E og D.

Informasjonsskilt

Dersom det er lokal interesse for setja opp skilt ved Beinhelleren, med formidling av kulturhistorien i området og bruken av fjellområdet i forhistorisk tid, er BKK positiv til å støtte eit slikt tiltak. Dette må avklarast med lokale interessentar. Dette tiltaket gjeld både for alternativ E og D.

I utgreiingsfasen har det vore eit mål å minimera verknadane av prosjektet, og konsekvensutgreiarane har utvist stor fagleg kompetanse. Prosjektet er justert, og alternativ E medfører eit vesentleg mindre inngrep enn det forkasta alternativ A. Samanstill ein dette med produksjonsauken på 38 GWh, meiner BKK at alternativ E totalt sett er eit godt tiltak som samfunnet er tent med å gjennomføra.

SAMANSTILLING AV KONSEKVENSA

Utgreiingstema			Alternativ	
			E	D
Vasstemperatur, is og lokalklima			0	0
Grunnvatn			0/-	0
Erosjon og massetransport	Anleggsfasen		-	0
	Driftsfasen		0	0
Skred			0	0
Landskap			-	0/-
Kulturminne og kulturmiljø			-	0/-
Støy og luftforureining	Anleggsfasen		0/-	0
	Driftsfasen		0	0
Naturmiljø og naturmangfald	Naturtypar	Anleggsfasen	0	0
		Driftsfasen	-	0
	Karplantar, mosar og lav		-	-
	Raudlisteartar	Anleggsfasen	-	-
		Driftsfasen	0	0
	Pattedyr	Anleggsfasen	-	---/---
		Driftsfasen	0	0
	Fugl		-	-
Fisk og ferskvassbiologi	Beinhelleren med Norddalselva		-	0
	Kvanndalsvassdraget og Urdadalen		0	-
	Ekso øvre delar		0	0
	Ekso anadrom strekning		-	0
	Vosso anadrom strekning		0	0
	Bolstadfjorden		0	0
Naturressursar	Jord- skog og utmarksressursar		0	0
	Ferskvassressursar		-	-
	Mineral og masseførekomst		0	0
Samfunn	Næringsliv og sysselsetting lokalt	Anleggsfasen	+ / ++	0
		Driftsfasen	0 / +	0
	Kommuneøkonomi Vaksdal	Anleggsfasen	+	0
		Driftsfasen	+ / ++	0
	Kommuneøkonomi Voss		0	0
	Friluftsliv, jakt og INON		-	-
	Reiseliv		0	0

---- Meget stor negativ konsekvens
 --- Stor negativ konsekvens
 -- Middels negativ konsekvens
 - Liten negativ konsekvens
 0 Ingen konsekvens

+++ Meget stor positiv konsekvens
 ++ Stor positiv konsekvens
 + Middels positiv konsekvens
 0 Liten positiv konsekvens



Fotomontasje Beinhelleren alternativ E, rett etter utbygging.



Fotomontasje Beinhelleren alternativ E, nokre år etter utbygging.

SAKSGANG

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) handsamar utbyggingssaka. Handsaminga skjer i tre fasar:

FASE 1 – MELDINGSFASEN

Melding vart sendt i 2000, og det vart fastsett eit konsekvensutgreiingsprogram (KU-program) i 2002. Prosjektet vart først vidareført av BKK i 2011. I samråd med NVE sendte BKK då eit oppdatert forslag til KU-program, utarbeidd etter gjeldande krav og mal. NVE fastsette deretter endeleg utgreiingsprogram basert på KU-programmet frå 2002, det reviderte forslaget til BKK, innkomne merknader og egne vurderingar.

FASE 2 – UTGREIINGSFASEN

I denne fasen vart konsekvensane utgreia i samsvar med det fastsette utgreiingsprogrammet, og planane utvikla vidare på bakgrunn av innspel frå utgreiingane.

FASE 3 – SØKNADSFASEN

Saka er no i denne fasen. Planlegginga er avslutta, og søknaden med konsekvensutgreiing er sendt til NVE.

Høyring: Søknaden vert kunngjort i pressa og lagt ut til offentleg ettersyn i kommunen. Samtidig vert søknaden sendt på høyring til sentrale, regionale og lokale forvaltningsorgan og ulike interesseorganisasjonar, i tillegg til alle som kom med fråsegn til meldinga.

Søknaden med konsekvensutgreiing finn du på:

http://www.bkk.no/om_oss/anlegg-utbygging/Vannkraftutbygging/Beinhelleren
Den kan også lastast ned på www.nve.no/vannkraft i høyringsperioden. Alle kan koma med fråsegn. Denne kan du senda via nettsida www.nve.no/vannkraft (på sida til denne saka) til nve@nve.no eller i brev til NVE – Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO. Høyringsfristen er minimum tre månader etter kunngjeringsdatoen.

Føremålet med høyringa av søknaden med konsekvensutgreiing er

- » Å informera om planane
- » Å få grunngeve tilbakemeldingar på om alle vesentlege forhold er tilstrekkeleg utgreidd, jamfør krava i utgreiingsprogrammet
- » Å få grunngeve tilbakemeldingar på om tiltaket bør gjennomførast eller ikkje
- » Å få eventuelle nye forslag til avbøtande tiltak



Tippområdet i Beinhelleren

Ope møte: I høyringsperioden vil NVE arrangera eit ope folkemøte der det vil verta orientert om saksgangen og utbyggingsplanane. Tidspunkt og stad for møtet vil verta kunngjort på www.nve.no/konsesjonsnyheter og i lokalaviser.

Slutthandsaming: Etter at høyringsrunden er avslutta, vil NVE arrangera ei sluttsynfaring og utarbeida si tilråding i saka. Tilrådinga blir sendt til Olje- og energidepartementet (OED) for slutthandsaming. Endeleg avgjerd vert tatt av Kongen i statsråd. Store eller særleg konfliktfylte saker kan verta lagt fram for Stortinget.

I ein eventuell konsesjon kan OED setja vilkår for drift av overføringa, og gje pålegg om tiltak for å unngå eller redusera ulemper.

Ifølge vassdragsreguleringslova kan grunneigarar, rettshavarar, kommunar og andre interesserte krevja utgifter til juridisk bistand og sakkyndig hjelp, dekt av tiltakshavar i den utstrekning det er rimeleg. Ved usemje om kva som er rimeleg, kan dei leggja saka fram for NVE. NVE tilrår at privatpersonar og organisasjonar med samanfallande interesser samordnar sine krav, og at kravet om dekning vert avklara med tiltakshavar på førehand.

» Etter at høyringsrunden er avslutta, vil NVE arrangera ei sluttsynfaring og utarbeida si tilråding i saka.

BKK

BKK vart stifta i 1920 for å løysa samtidas kraftutfordring. Snart 100 år seinare er vi Vestlandets største energiselskap og arbeider for å løysa både dagens og morgondagens energiutfordringar.

BKK har 31 heileigde vasskraftverk på Vestlandet og eig 26 prosent i Sima kraftverk. I eit normalår er produksjonen 6,7 TWh, tilsvarende forbruket til 335 000 einestader. Vi arbeider offensivt for å auka produksjonen gjennom nye anlegg og effektivisering av eksisterande. Krafta blir omsett i engrosmarknaden.

BKK har eit unikt fagmiljø innan vasskraft, med ein kompetanse som er etterspurt hos kraftselskap og andre eksterne kundar.

Kven kan du kontakta?

Spørsmål til innhaldet i søknaden, konsekvensutgreiinga og dei tekniske planane kan du retta til:

BKK Produksjon AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Kontaktpersonar:

Kristina Rem, prosjektleiar
Tlf. 55 12 74 19, kristina.rem@bkk.no

Fredrik Falkgård, grunneigarkontakt
Tlf. 55 12 74 09, fredrik.falkgard@bkk.no

Spørsmål om sakshandsaminga kan du retta til:

NVE – Konesjon og tilsyn
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Kontaktperson:

Stein Wisthus Johansen, sakshandsamar
Tlf. 22 95 98 34, swj@nve.no

Meir informasjon vil du finna på nettsidene
bkk.no og nve.no